

Saknr: 2020/49702-1
 Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.2020

Tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv, våren 2020

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek å løyve 721 000 kroner fordelt slik:

Nr.	Søkjjar	Prosjektnamn	Tilråding
1	Aktiv Kalvåg	Sirkus Bremanger 2020	Avslag
2	ALTERNATIV JUL ASKØY	Alternativ jul 2020	Avslag
3	AMCAR ASKØY	Ungdomsprosjektet Amcar Askøy	Avslag
4	Annhja Nielsen	Rekonstruksjon av bunad fra Ytre Sogn.	Avslag
5	ARABISK FILMFORENING	Arabisk Filmfest 2020	40000
6	ARNA VERK	Eventyrhagen	Avslag
7	Asbjørn Eikerol	Kafe på Svalgangen. Lillingstonheimen	Avslag
8	ASKVOLL KOMMUNE	Dalsfjordveka 2020	Søknad trekt
9	Askøy brassband	Julenatt i Herdla Kyrkje	Avslag
10	AUTISMEFORENINGEN I NORGE HORDALAND	Musikk, alle kan uansett funksjonsnivå	Avslag
11	BERGEN FILHARMONISKE KOR	Medvirking fremføring av Harmonium av Adams med London Philharmonic Orchestra and Choir	Avslag
12	BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	FamilieLørdag	Avslag
13	BERGEN INTERNASJONALE KULTURSENTER	Teatergruppe for barn	Avslag
14	BERGEN KFUK-KFUM YNGLINGEN	Påskeleir i Ulvik	Avslag
15	BERGEN KIRKELIGE FELLESRÅD	Forprosjekt - Kirkelig kultursenter vest	Avslag
16	BERGEN SPILLFESTIVAL	Bergen Spillfestival 2020	25000
17	BERGEN VISEFORUM	Låtskrivar-artist kurs og konkurranse	15000
18	Björgvin Bluesklubb	Arrangere Blues-konsertar	Avslag
19	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	17.mai Gospelnight med Gospel Bergen og St.JaKor	Avslag
20	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Pzalm barne-og tweensfestival	Avslag

21	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Vinterfestivalen på Voss 2020	Avslag
22	Bjørgvin marknad	Bjørgvin Marknad	Avslag
23	BJØRSVIK BRASS	Bjørsvik Brass - erfaring og lidenskap i samspel	50000
24	Collegium Musicum	Svensk afton	Avslag
25	Dale Ungdomslag.	Kulturscene Fjaler	Avslag
26	DALSFJORDEN SPELEMANNSLAG	Sogn og Fjordane kappleiken	Søknad trekt
27	DE UNGES ORKESTERFORBUND HORDALAND	Driftstilskudd 2020	Avslag
28	DE UNGES ORKESTERFORBUND HORDALAND	Sommerskolen på Halsnøy	Avslag
29	DIVISI	Konsertturnè "Påskesang"	Avslag
30	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	Deltaking i europameisterskapen for brassband 2020	Avslag
31	Eikanger-Bjørsvik musikklag	Feriespel 2020	Søknad trekt
32	FAU Os kulturskule	Jubileumsår 2020	Avslag
33	FIOLINAKADEMIET	Fiolinakademiet høstseminar 2020	Avslag
34	FLORØ DANSEVERKSTED	Danseworkshop	Avslag
35	FOLGEFONN HUSFLIDSLAG	Skautfelling, ei redningsaksjon	40000
36	FOLKEAKADEMIET LUSTER	Kulturarv Luster 2020	Avslag
37	FOLKEDAL UNGDOMSLAG FUL	Hardanger på kanten	Avslag
38	FOLLESØ MUSIKKLAG	Mizpa - Utekonserert	Avslag
39	FRENDAR VIKINGLAG	Formidling på Gulatinget vikingmarknad	Avslag
40	Geir Angeltveit	Sunnhordland Brettspelklubb	Avslag
41	Grete Skaar Sunde	Bygda og bøkene	Avslag
42	HARDANGER FOLKEMUSIKKSAMLING	Lyden av Halldor	Avslag
43	HARDANGER SPELEMANNSLAG	Folkemusikkhelg: Dans, Spel og Song - Alt pao ei gong	Søknad trekt
44	HARDANGERFJORD STREETART FESTIVAL	Hardangerfjord Street Art Festival 2020	Avslag
45	Haugaland krets Norges KFUK KFUM	Vinterfestival på Bømlo	Avslag
46	HAUKÅS ROCKE AKADEMI	Garasjejamturne	Avslag
47	Havkollektivet	Passion for Ocean Bergen 2020	Avslag
48	HILLAND VELFORENING	Pump track	Avslag
49	HOLKEROCK	Holkerock 2020	Avslag
50	HORDALAND UNGDOMSLAG	Fylkesstemna for born 2020.	Søknad trekt
51	Høyanger vgs	Kantinescene - musikk	Avslag
52	INDRE SOGN KYSTLAG	"Meir ut på Sognefjorden"	Avslag
53	Indre Sunnfjord Spelemannslag	50-årsjubileum med utgjeving av bok	25000
54	JAKOBSEN RÅDGIVING	Vedlikehold av trebåter	Avslag
55	JENSBUA KYSTKULTURSENTER AS	Sjøbufestivalen i Dalsfjorden 2020	Avslag
56	KAMMERKORET GNEIS	Driftsstøtte	Avslag
57	KJERSTI ISDAL	Segner frå Nordhordland	50000
58	KROHNENGEN BRASS BAND	Krohnengen Brass Band sitt musikalske talentutviklingsprogram i Vestland fylke	Avslag
59	KULTURNATT ETNE	Kulturnatt Etne 2020	Avslag
60	KVAM SOGE- OG KULTURMINNELAG	Kvam soge- og kulturminnelag	Avslag

61	Kvemmingen spel og dansarlag	Hordakappleiken 2020	10000
62	Kåre Lerum	Korpsseminar med Sjøforsvarets Musikkorps	Avslag
63	Lina Kristine T. Vatshelle	Bjørnafjorden Pride	Avslag
64	Manger Musikklag	Klassiske Perler	Avslag
65	MANGER SKULEMUSIKKLAG	Musikalsk samhandling på tvers av gamle fylkesgrenser	Avslag
66	Meland jazzkafe	Jazzkafe og kunstutstilling	Avslag
67	MELAND MÅLLAG	Elias-huset	Avslag
68	MJÅTVEITELVENS FORENING	Mjåtveitelvens forening	Avslag
69	NEDRE ÅRDAL SOKN	Konsertar i Årdal Kyrkje	Avslag
70	NFU SOGN OG FJORDANE FYLKESLAG	Kulturfestivalen 2020, Førde	Søknad trekt
71	NordAccordion	NordAccordion 2020	Avslag
72	NORDHORDLAND HUSFLIDSLAG	Bråkvitlar og åkle frå Nord- og Midhordland Dokumentasjon og formidling av ein raudlista tradisjon	20000
73	NORGES KORFORBUND HORDALAND	Kortreff i fjorden.	Avslag
74	NORSK KULTURSKOLERÅD	De Unges Festspilldag	30000
75	NORSKE SYMFONI-ORKESTRES	Vestlandsk Sommarsymfoni 2020	Søknad trekt
76	NTL Vestland (Vestland krets av Norske Trekkspilleres Landsforbund)	Belgtreffen 2020	Søknad trekt
77	Oddakonsertene	Albert og Leonie - Opprinnelsen	Avslag
78	OLE BULL KAMMERKOR	O19 - Vestlandsturné	Avslag
79	OSAFESTIVALEN AS	UngOsa - folkemusikk - og folkedanskurs for born og unge	20000
80	OSTERØY MUNNSPELORKESTER	Munnspill kurs/seminar	Avslag
81	Osterøy reiselivslag	Utfart Osterfjorden	Avslag
82	Osterøybelgen	Rekruttering innen torader og gamaldans/folkedans	Avslag
83	PLINTH SA	Album innspilling	Avslag
84	RADØY BRASS	Overgang frå skulekorps til vaksenkorps	Avslag
85	REGNCON	Regncon spillfestival	15000
86	SEIM SONGKOR	Fest i september	Avslag
87	SIMBA ARTS	Bergen Afro Arts Festival	Avslag
88	Skjold Nesttun Janitsjar	Fanafestivalen 2020	Avslag
89	SOGN BUNADNETTVERK	Immaterielt kulturvern "Den stiva konehuva i Sogn"	40000
90	SOGN OG FJORDANE FOLKEMUSIKKLAG	TØFT	50000
91	SOGN OG FJORDANE MÅLLAG	Drift av Sogn og Fjordane mållag	10000
92	SOGN OG FJORDANE SYMFONIORKESTER	SOFORK opp og fram!	40000
93	SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG	Kulturmidlar Sogn og Fjordane Ungdomslag 2020/2021	70000
94	SONGLAGET ALVIDT/MANGER	Ramsalt Korkafe 2020	Avslag
95	STEMMER	Samarbeid med komponistar	10000
96	STIFTELSEN BERGEN DANSESENTER	Turnestøtte til ESC ungdomskompani for samtidsdans	Avslag
97	Stiftelsen Nye Fyllingsdalen Teater	RØST	40000

98	Stiftelsen Nye Fyllingsdalen Teater	Cirkus Balance	Avslag
99	STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	Arrangørskule	Avslag
100	STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	Verkstad	Avslag
101	STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	Verkstad	Avslag
102	Stord con Spirito	Stord con Spirito 30 år i 2020	Avslag
103	STRILEN ARTIST- OG VISEKLUBB	Kurs i bruk av dialekt/nynorsk i sangtekstar	Avslag
104	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	Vestavind over hovedstaden	Avslag
105	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	Symfonisk aften	Avslag
106	STUDENTTEATERET IMMATURUS	30 års jubileumsfeiring - teaterfestival og helhus	Avslag
107	Sunnhordland Amatørkulturråd	Drift av Amatørkulturrådet	Avslag
108	Sunnhordland Kammerorkester	Sunnhordland kammerorkester	Avslag
109	TORG DAGEN I BERGEN	Torgdagen i Bergen 2020	Søknad trekt
110	Toril Lunde og Johan Børsheim	Husmannstovetreff Kvemmadokkje med Herborg Kråkevik og Linda Eide, konsert m.m.	Avslag
111	UKEN i Bergen (Norges Handelshøyskoles Studenforening)	UKEN 2020	Avslag
112	UNG I KOR - VEST	Ervesong	40000
113	UNG KYRKJESONG VEST	Regionalt ungdomskor Vest	50000
114	UNG KYRKJESONG VEST	Vårtreff	Søknad trekt
115	UPLIFT EVENTS	UPLIFT Student	Avslag
116	VENUS v/DE UNGES ORKESTERFORBUND HORDALAND	VENUS 2020	31000
117	VOSS FRIVILLIGSENTRAL -	Foredrag med Jeanette Flagstad / Usynlige Tigre	Avslag
118	Voss Jazzskule	Voss Jazzskule Prosjekt med Gary Crosby.	Avslag
119	VOSS SOGELAG	Bokutgjeving	Avslag
120	Øygarden ungdomsskule	Musikal	Avslag
121	Øygarden ungdomsskule	Musikal	Avslag
Totalt:			721 000

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søkjarar for grunngjeving av vedtaket.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har motteke 121 søknader om *tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv* våren 2020. Søknadsfristen var 8. mars, og det er søkt om i alt 6 227 438 kroner i tilskot. Enkelte søknader er trekt grunna avlysning eller endra prosjekt som følge av covid-19-pandemien. Det er avgrensa midlar til disposisjon innan ordninga, og fylkesdirektøren har prioritert strengt mellom søknadene. Fylkesdirektøren tilrår at det blir løyvd i alt 721 000 kroner til i alt 22 prosjekt eller tiltak.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

1 Tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv, med grunngjeving og presentasjon

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune lyste ut tilskotsordninga *tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv* med søknadsfrist 8. mars. I 2020 er det sett av totalt 4 423 000 kroner i budsjettposten *Stønad etter vedtak*. Midlane skal fordelast mellom to tilskotsordningar for prosjekt og tiltak, ein til *profesjonell kunst og kultur* og ein til *frivillig kulturliv*. Tilskotsordningane er lyst ut med to søknadsfristar i året, ein i mars og ein i september. Fylkesdirektøren tilrår at om lag halvparten av budsjettposten *Stønad etter vedtak* blir tildelt søknader våren 2020, og at midlane blir fordelt mellom dei to ordningane til *profesjonell kunst og kultur* og *frivillig kulturliv* utifrå total søknadssum og tal søknader under kvar av ordningane.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok retningslinjene for tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv 21. januar. Det vil bli gjort nærmare greie for føremål og vurderingskriteria nedanfor. Ved søknadsfristen 8. mars var det kome inn 121 søknader, og det er søkt om i alt 6 227 438 kroner i tilskot.

Rett etter søknadsfristen kom det store restriksjonar i samfunns- og kulturlivet som følgje av koronasituasjonen. Enkelte søkjarar har meldt om at dei trekkjer søknaden som følgje av avlysing eller endra prosjekt, og enkelte søkjarar har meldt om at prosjektet eller tiltaket vil bli endra eller utsett. Alle søknadene som ikkje er trekt har blitt handsama med utgangspunkt i retningslinjene og vurderingskriteria. Det vil bli gjort nærmare greie for korleis koronasituasjonen har påverka sakshandsaminga nedanfor.

Føremål med ordninga

Ordninga skal stimulere til aktivitet og sikre innbyggjarar i heile fylket høve til å delta i eit mangfaldig kulturliv. Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv, og stimulere til nettverk og samarbeid.

Barn og ungdom har spesiell merksemd, og vi ønskjer å stimulere til at unge er aktive deltakarar i prosjektet.

Ordninga gjeld for aktørar eller aktivitetar innan det frivillige kulturfeltet/amatørkulturfeltet i Vestland fylke og prosjektet eller tiltaket skal ha kulturaktivitet som hovudføremål. Organisasjonar / institusjonar som tek imot driftsstøtte frå VLFK kan søkje støtte til prosjekt eller tiltak som fell utanfor den ordinære drifta, som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving av nye tiltak.

Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2020: 4 423 000 kr

Søknadsfrist 2020: 8. mars 2020

Vedtaks kriterier: [21. januar 2020](#)

Kriterier og informasjon om ordninga: [Nettsida www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)

Vår 2020

Tal på søknadar: 121

Tal på søknadar som er innstilt for tilskot: 22

Samla søknadssum: 6 227 438 kr

Samla løyving: 721 000 kr

Midlar att til fordeling haust 2020 2 241 509 kr (avhengig av tildelinga innan ordninga *tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur*)

Fylkesdirektøren sine overordna kommentar til innstillinga:

Det kom inn mange søknader om tilskot i ordninga, i alt 121. Det er difor mange som får avslag sjølv om dei stettar kriterier, og dei som får innvilga støtte stettar i svært høg grad vurderingskriterier.

Det er i omlag av 1/6 av søknadane, totalt 22, som er tilrådd støtte, og dei fleste av desse får berre innvilga deler av søknadssummen.

I følgje retningslinjene skal løyvingane i hovudsak ligge på mellom 10 000 og 100 000 kroner. For større prosjekt kan det vere aktuelt å søkje om støtte frå Kulturelt utviklingsprogram (KUP). Søkjarane kan finne informasjon om dette på nettsidene til fylkeskommunen, men det er likevel enkelte søknadar med høgare søknadssum enn 100 000 kroner.

Søknadene våren 2020 er noko prega av dette er eit overgangsår til ny fylkeskommune. Dei ulike kulturaktørane har tidlegare fått støtte gjennom ulike tilskotsordningar i dei tidlegare fylkeskommunane. For fylkesdirektøren har det vore eit mål at tilskotsordningane skal vere tilpassa nye strukturar og ta vare på kulturaktørane. Til dømes bør vi vurdere å gje driftsstøtte gjennom budsjettvedtak for 2021 til enkelte av organisasjonane som er innstilt med tilskot gjennom tilskotsordninga i 2020.

Koronasituasjonen

Rett etter søknadsfristen 8. mars kom det store restriksjonar i samfunns- og kulturlivet for å førebygge koronasmitte. Ein del av søknadane gjeld aktivitetar som var planlagt å gå føre seg i vår og sommar. Ein del søkjarar har meldt inn forandringar i søknad og prosjekt på grunn av koronakrisa. Enkelte har trekt søknaden, andre meldt om utsetting av prosjekt og arrangement og nokon at opprinneleg plan vil bli omarbeidd.

Fylkesdirektøren innstiller på støtte til prosjekt, tiltak eller arrangement som er utsett til hausten 2020. Når det gjeld utsetting lengre enn inneverande år har vi valt å avslå søknadane no, og ber søkjar om å søkje igjen ved seinare fristar. Fylkesdirektøren innstiller på å støtte prosjekt og tiltak som er endra som følgje av koronasituasjonen, men der mål og grunnideen i prosjektet eller tiltaket er lik opprinneleg søknad. Enkelte har meldt inn endringar som medfører at søknaden avvik for mykje frå den opprinnelege søknaden til å verte godkjend som ei oppdatering av denne. Desse søknadene er innstilt på avslag og dei må då eventuelt søkje om tilskot til det nye prosjektet ved neste søknadsfrist.

Det er framleis mykje uvisst rundt korleis ein kan og bør innrette planlagde og omsøkte prosjekt og tiltak utover hausten og neste år. Alle tilsegn vert gitt med føresetnad om at prosjektet eller tiltaket vert gjennomført. Unytta midlar går tilbake i tilskotsordninga til fordeling seinare.

Absolutte kriteria

Tiltaket det blir søkt om må oppfylle dei tre absolutte kriteria for å kunne verte tilrådd støtte:

- Tiltaket skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga.
- Tiltaket skal støtte ein eller fleire satsingar i regional plan for kultur.
- Tiltaket skal ha regional kulturverdi, dvs. ha ein kommuneovergripande funksjon og / eller verdi.

Det blir ikkje gitt støtte til følgjande:

- Innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.
- Tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale eller kommunale institusjonar
- Innspeing og utgjeving av litteratur, film og musikk. (Unntak kan vere dokumentasjon med kulturhistorisk verdi).
- Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser, gjestekunstnaropphald o.l.

Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som er oppfylte, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga.

Vurderingskriteria

Søknadene er vurdert ut i frå følgjande kriterium:

- a) Utvikling av kulturlivet i fylket, t.d. ha verdi som pilotprosjekt og bidra til større breidde
- b) Dokumentasjon av kulturhistorie
- c) Samarbeid og nettverk
- d) At tiltaket eller prosjektet er utadretta og ope
- e) Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- f) Tidlegare vist gjennomføringsevne av kulturtiltak / prosjekt

g) Støtte og forankring i heimkommunar og evt. nasjonalt

Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som vert oppfylt, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga.

Støtte gjennom desse støtteordningane er ikkje rettighetsbasert, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. I tillegg blir det teke omsyn til å fordele ut frå geografi og sjanger i den samla vurderinga.

Alle tilrådde tiltak og prosjekt skal ha regional verdi - geografisk og / eller funksjon. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Fagleg kvalitet og særleg grad av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at eit tiltak har regional verdi.

Der det er gitt positivt tilsegn ligg det til grunn at dei absolutte kriteria er oppfylt tilstrekkeleg. Dei andre vurderingskriteria vert vist konkret til i grunngjevinga (sjå vedlegg). Dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp imot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

Dei fleste av søkjarane har fleire finansieringspartar i sitt budsjett. Det er likevel få av desse som hadde fått svar på andre søknader då dei søkte Vestland fylkeskommune. Det vil sei at det er usikker økonomi i mange av prosjekta. Å få positivt svar frå ein instans kan også vere med på å få tilskot og sponsorstøtte frå andre partar.

Når det gjeld kommunal støtte til tiltaka må det merkast at det er få innvilga tilskot frå kommunane. Støtte og forankring i heimkommune er eit av vurderingskriteria for denne ordninga. Fylkeskommunal støtte skal forsterke det kommunale engasjementet i tiltak som har regional verdi, ikkje vere ei erstatning for manglande kommunalt kulturansvar.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har stort klimaavtrykk.

Folkehelse: *Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle:* Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesdirektør tilrår at 721 000 kroner vert fordelt som tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv slik det er lagt fram i vedtak og vedlegg. Det vert elles vist til vedlegg med oversyn over søknadane med grunngjeving til kvar søknad.